



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/4108-

20. desember 2022

Svar på skriftleg spørsmål nr. 709

Eg viser til brev frå Stortingets presidentskap 13. desember 2022 med skriftleg spørsmål frå stortingsrepresentant Aleksander Stokkebø. Spørsmålet lyder:

«Hvilke steder i Norge er av statsforvalterne definert som "typisk turiststed", og i hvilke fylker befinner disse seg i?»

Svar:

Utvalet som i desember 2017 la fram NOU 2017: 17 *På ein søndag?* såg på dei typiske turiststadane i punkt 5.5. Utvalet konstaterte då:

Per august 2017 er det 114 forskrifter som definerer 156 typiske turiststader i 106 kommunar. Av dei blei ti forskrifter fastsette i 2017, mellom anna historisk sentrum i Grimstad kommune og Fagernes og Leira i Nord-Aurdal kommune.

Departementet fører ikkje oversikt over typiske turiststader, men mottok årleg rapportering frå statsforvaltarane på deira sakshandsaming. Departementet har merka seg ei viss auke i talet på typiske turiststader. For å svare på spørsmålet har departementet nytta Lovdata for å finne forskrifter om typiske turiststader, jf. helligdagsfredloven § 5 andre ledd nr. 4 og sjette ledd. Eg må ta atterhald om at oversikta nedanfor kan ha manglar. Talet på forskrifter kan seie noko om utviklinga, men éi ny forskrift kan erstatte fleire tidlegare og også leggje til nye område.

På Lovdata ligg per i dag 143 lokale forskrifter om typisk turiststad (og «turiststed»). Av desse gjeld 128 framleis. Gjennomgangen departementet har gjort for å svare på spørsmålet, har avdekt at fleire av forskriftene er overlappande, dvs. at same område har

unntak etter fleire forskrifter. Dette kan skuldast at statsforvaltaren har gløymd å oppheve eldre forskrifter då dei gav ei ny.

Eg vonar at informasjonen nedanfor vil gi svara representanten ber om:

- Talet på forskrifter per fylke (både dei opphavlege fylka og etter statsforvaltar)
- Diagram som viser kor mange forskrifter statsforvaltarane har gitt sidan heimelen til å gi unntak blei flytta frå kommunane til statsforvaltaren.
- Liste over kommunane som har forskrift sortert alfabetisk. Kommunenamn då forskrifta blei gitt, er nytta. Lista nemner områda nemnde i tittelen på forskriftene. Områda i to samleforskrifter om Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag er tekne med. Stadene kan vere geografisk stad eller eit anlegg.


Informasjonen her skil ikkje mellom stader som er typisk turiststad heile året og dei som er det delar av året. Listene skil heller ikkje mellom kommunar der heile kommunen er typisk turiststad og kommunar der berre delar er det. Sjå nærare NOU 2017: 17 punkt 5.5.6.

Opphavlege fylke	Forskrifter
Akershus	5
Aust-Agder	11
Buskerud	11
Finnmark	1
Hedmark	15
Hordaland	14
Møre og Romsdal	7
Nordland	2
Nord-Trøndelag	2
Oppland	23
Sogn og Fjordane	8
Sør-Trøndelag	5
Telemark	8
Troms	1
Vest-Agder	8
Vestfold	2
Østfold	5

Statsforvaltar	Forskrifter
Agder	19
Innlandet	38
Møre og Romsdal	7
Nordland	2
Troms og Finnmark	2
Trøndelag	7
Vestfold og Telemark	10

Vestland	22
Viken	21

Det er ingen typiske turiststader i Rogaland eller Oslo.



Kommune	Turiststad
Askvoll	Bulandet og Værlandet
Aurland	Flåm, Gudvangen, Aurlandsvangen og Undredal
Aurland	Flåm og Gudvangen
Austevoll	Austevoll
Balestrand	Sentrum i Balestrand
Bamble	Valle, Kjønnøya og Trosby
Bamble	Langesund
Bodø	Kjerringøy og Saltstraumen
Bremanger	Kalvåg
Bykle	Hovden
Dovre	Dombås
Eidfjord	Eidfjord
Engerdal	Engerdal
Evje og Hornnes	Evje og Hornnes
Farsund	Farsund
Fedje	Hamneområdet i Fedje
Fet	Enebakkneset
Flatanger	Vik- og Lauvsnesregionen
Flesberg	Flesberg
Flå	Flå

Folldal	Folldal
Fredrikstad	Gamlebyen Fredrikstad
Frogn	Drøbak gamle by
Frosta	Utsalsstader langs strekningane: Rv 753 Jubergkorsen – Vikakorsen; Fv 63 Jubergkorsen – Alstad vestre; Fvhuset – Borg
Fræna	Bud
Frøya	Dyrøy
Færder	Tjøme, Hvasser, Brøtsø og Kjøpmannskjær
Gausdal	Svatsum
Gausdal	Skei-Austlid
Gjerstad	Brokelandsheia
Gol, Nes og Sigdal	Gol, Nes og Sigdal
Grimstad	Grimstad sentrum
Grue	Delar av Svullrya sentrum
Hemsedal	Hemsedal
Hitra	Knarrlagsund, Kvenvær, Ut-Hitra og Hestvika
Hjartdal	Tuddal
Hol	Hol
Hurum	Holmsbu og Rødtangen
Hvaler	Hvaler
Jevnaker	Hadeland Glassverk
Jølster	Skei
Kragerø	Kragerø
Kristiansand	Hamresanden
Krødsherad	Krødsherad
Kvinesdal	Knabenområdet
Kvinnherad	Rosendalområdet. Postområda 5464 Dimmelsvik, 5472 Seimsfoss, 5470 Rosendal og 5474 Løfallstrand
Kvinnherad	Rosendalområdet. postområda 5464 Dimmelsvik, 5472 Seimsfoss, 5470 Rosendal og 5474 Løfallstrand
Kviteseid	Eidsto i Vrådal
Larvik	Ula, Kjerringvik, Nevlunghavn, Helgeroa, Stavern og Gløppe
Leka	Leka
Lesja	Lesjaverk
Lesja	Bjørli
Lierne	Jule og Skjelbred
Lillesand	Lillesand sentrum og Brekkestø
Lillesand	Delar av Høvåg
Lindesnes	Spangereid sentrum
Lom	Bøverdalen

Lom	Fossbergom
Lom	Fossbergom
Lyngdal	Lyngdal sentrum
Lærdal	Lærdal
Lørenskog	SNØ
Løten	Brenneriroa
Mandal	Mandal
Marker	Marker
Modalen	Modalen
Fjord	Fjord
Namsskogan	Trones, nærmare bestemt utsalsstader i tilknytning til den del av E6 som har redusert fart
Nissedal	Nissedal
Nord-Aurdal	Fagernes og Leira
Nord-Aurdal	Tisleidalen, Vaset, Kruk og Aurdal
Nord-Fron	Skåbu
Nordkapp	Honningsvåg og Nordkapp
Nordre Land	Nord-Torpa
Nore og Uvdal	Nore og Uvdal
Nore og Uvdal	Nore og Uvdal
Odda	Røldal og Skare
Odda	Tyssedal/Skjeggedal
Oppdal	Oppdal sentrum
Orkdal	Vormstad
Os (Innlandet)	Os
Os (Innlandet)	Os
Os (Innlandet)	Tufsingdalen
Osen	Sætervik og Vingsand
Rauma	Åndalsnes
Rendalen	Åkrestrømmen
Rennebu	Nerskogen
Ringebu	Kvitfjell og Venabygdsfjellet
Ringsaker	Næroset
Ringsaker	Tingnes med Helgøya og sørlege del av Neshalvøya
Ringsaker	Mesnali
Ringsaker	Sjusjøen og Ljøsheim
Risør	Risør sentrum til og med Østebø-området, Hopestrand og Søndeled sentrum
Roan	Bessaker
Rollag	Rollag
Rygge	Larkollen
Røros	Bergstaden Røros
Senja	Skaland og Stonglandseidet

Sirdal	Øvre Sirdal
Skjåk	Dønfoss
Smøla	Smøla
Smøla	Veiholmen
Stor-Elvdal	Sollia
Stranda	Geiranger og Hellesylt
Stryn	Stryn
Sunndal	Gjøra
Søgne	Søgne
Sør-Aurdal	Hedalen
Sør-Fron	Gålå
Tinn	Tinn
Trysil	Trysil
Trøgstad	Båstad
Tvedestrand	Gjeving
Tvedestrand	Tvedestrand
Tydal	Stugudalen
Tysnes	Tysnes
Ullensvang	Jondal og Odda sentrum
Ullensvang	Nå
Ullensvang	Kinsarvik
Vaksdal	Dale
Valle	Valle
Vang	Tyin/Filefjell
Vestby	Son og Hvitsten
Vestre Slidre	Vaset og Syndin
Vinje	Vinje
Voss	Myrkdalen
Vågan	Henningsvær
Ørsta	Sæbø og Urke i Hjørundfjorden
Øyer	Øyer sentrum/Hafjell
Øystre Slidre	Beitostølen/Beito
Ål	Ål
Åmot	Nordre Osen

Med helsing

Kjersti Toppe